

# Felles brukarutval

## for Helse Førde og kommunane i Sogn og Fjordane

# Årsmelding 2023



Brukarutvalet har rett til å få sine syn framlagt gjennom fast representasjon i alle møteføra i Sogn og Fjordane helsefellesskap.

Utvalet skal ha høve til å møte både KS Vestland-Førde og styret i Helse Førde HF minst ein gong i året. Årsmelding for brukarutvalet skal handsamast i begge desse organa.

## Forord

**Brukarutvalet (FBU)** er eit felles utval for Helse Førde og kommunane i regionen Sogn og Fjordane i Vestland fylke. Samansettjing av utvalet og mandat er regulert i eigne retningslinjer vedtekte av Strategisk samarbeidsutval, som også oppnemner medlemmar til felles brukarutval.

Brukarutvalet er eit rådgjevande organ for administrasjonen og styret i Helse Førde, kommunane og andre instansar. Utvalet skal sjå til at brukarmedverknaden vert ivaretaken i høve samarbeidstiltak eller område som omfattar fleire kommunar og Helse Førde. Det er ei viktig målsetting at kunnskapen til brukarane vert nytta som grunnlag for å utforme og gjennomføre helse- og omsorgstenester i Sogn og Fjordane.

Gjennom driftsåret 2023 har felles brukarutval hatt slik samansettting;

<b>Brukarrepresentant</b>	<b>Organisasjon</b>
Marita Aarvik - leiar	FFO LHL
Jan Tore Odd - nestleiar	FFO LHL
Arne Hovland	FFO HLF
Cecilie Uberg-Helle	FFO Mental helse
Stein Erik Øvrebø	SAFO
Lene Hetle	SAFO
Magne Sellevold	Kreftforeningen
Tom André Faye	A-larm
Solfrid Fossberg	Pensjonistforbundet
Grethe Fischer	Kommunalt råd
Gunn Karin Sande	Fylkeskommunalt råd
<a href="#">Elin Therese Sørbotten</a>	<a href="#">Interkommunal samhandlingskoordinator</a>
<a href="#">Børge Tvedt</a>	<a href="#">Helse Førde</a>
<b>Varamedlemmar</b>	
Gerd Torkildson	Pensjonistforbundet
Øystein Jarle Wangen	Kommunalt råd
Eirik Dahl	Fylkeskommunalt råd
Michael Milde	FFO Norges Blindeforbund
Ruth Berit Garfors	FFO LPP
Øystein Ryningen	FFO Norsk Revmatikerforbund
Linda Blålid	FFO CP-foreningen
Cindy Litlabø	Kreftforeningen

FFO: Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon

SAFO: Samarbeidsforum for Funksjonshemmedes Organisasjoner

Sekretær/tilretteleggjar for utvalet: Administrasjonsrådgjevar Randi Holsen Solheim – Helse Førde

Felles brukarutval i Sogn og Fjordane har gjennom driftsåret vore samla til 6 utvalsmøter. Utover dette har utvalet vore invitert til møte med styret i Helse Førde og KS/ helse- og omsorgsutvalet.

Regionalt brukarutval (RBU) har også invitert til to fellessamlingar for alle brukarutval i Helse Vest. Ei digital samling med fokus på opplæring og informasjon til nye brukarrepresentantar. I høve til opplæringsfokuset er det også verd å nemne at fleire av medlemmane deltok på digital opplæring av brukarutvalsmedlemmar i regi av FFO og kreftforeininga i januar 2023.

Den fysiske samlinga i regi av Helse Vest var arrangert på Flesland, der mellom anna internrevisjonen i regionen presenterte revisjonsresultatet av brukarmedverknad i helseføretaka for vårt helseføretaksområde. Målsetjinga med revisjonen var å kartleggje omfanget av uønskt variasjon i brukarmedverknad på systemnivå gjennom følgjande kartlegging;

- Har helseføretaka lagt til rette for god brukarmedverknad gjennom formålstenleg verksemdsstyring, risikostyring og internkontroll - og korleis er dette operasjonalisert?
- Kva rutinar har føretaka for brukarmedverknad på systemnivå?
- I kva høve nyttar ein brukarutvala?
- Kva tiltak har ein for å sikre brukarmedverknad?

Gjennom vinter/vår 2023 vart fleire utvalsmedlemmar samt administrativt personell intervjua gruppevis og individuelt. Utvalet og Helse Førde mottok høyningsbrev og revisjonsrapporten primo oktober, og det er forventa at endeleg rapport føreligg primo 2024.

#### **Aktivitet gjennom året:**

Det alle første utvalsmøte i ny periode (2023-2025) vart gjennomført medio januar. I tillegg til presentasjon av faste medlemmar og vara, fekk det nye utvalet også helse på administrerande direktør Arve Varden og utviklingsdirektør Anne Kristin Kleiven frå helseføretaket, samt kommunalsjef Kurt Even Andersen som representant frå kommunane.

Utvalet fekk ei kort innføring i organisasjonsstrukturen i Helse Førde og i kommunane, samtidig var det orientert om samhandlingsstrukturen og nettverksarbeidet mellom desse partnarane. Utvalet sitt mandat vart presenter, og det var tilrettelagt for noko forventningsavklaring til representantane herunder også utkast til årshjul og handlingsplan – med oppmading til å vere aktiv med innspel til aktuelle saker. Denne årsmeldinga byggjer i hovudsak på planen slik den låg føre.

#### **Aktuelle saker som utvalet har fått orientering om og handsama:**

På møta i brukarutvalet har det vore tradisjon med aktuelle temaorienteringar. Slike orienteringar er dels initiert gjennom FBU sin eigen handlingsplan og dels av administrasjonen, fagavdelingane i føretaket og frå kommunane. Gjennom dei ordinære utvalsmøta har utvalet handsama 45 saker. Som gjentakande orienteringspost har vi fått

presentert aktuelt nytt frå administrasjonen i HFD og frå interkommunal samhandlingskoordinator. Desse orienteringane og dialogen mellom FBU-medlemene og partnerskaps-representantane er eit sentralt element for å gje FBU innsyn i arbeidet både i helseføretaket og kommunesektoren, og om samhandlinga mellom desse partnarane. På kvart møte er det også prioritert tid i open post der utvalsmedlemene orienterer kvarandre om tidsaktuelle saker. Under open post blir det vidare drøfta kven frå FBU som skal representera utvalet i ulike råd, utval og prosjekt.

Marsmøtet var lokalisert til Stryn kommune der både administrativ og politisk leiing var representert. Her vart utvalet introdusert også for dei kommunale råda og eldreråda frå dei tre nordfjordkommunane Stryn, Stad og Gloppen. Felles brukarutval fekk innblikk i organisering av helse- og omsorgstenesta i Nordfjordregionen, og det vart konkludert med at kommunane stort sett slit med dei same problema. Det handlar om store avstandar og for lite personell, og det vart peika på som viktig at ein ikkje overbyr kvarandre for å kapre tilsette i arbeidet med å skaffe ressursar til den forventa eldrebølga. Samla sett eit nyttig møte både for brukarutvalet og for dei kommunalt frammøtte, og ei stadfesting av verdien i at utvalet dreg ut og møter kommunane i dei forskjellige regionane i Sogn og Fjordane.

I september vitja utvalet Lærdal sjukehus med sitt utvalsmøte, og fekk i tillegg til orientering om drifta også omvisning av stadleg leiar Vidar Øvrebø. I dette møtet vart det oppnemd eit mindre utval til møte med **KS og Helse- og omsorgsutvalet i kommunane** i november. Her vart det fokusert på;

I kva grad opplev FBU dei er involvert i prosessar som pågår i kommunane?

Kva tankar gjer FBU seg om dei utfordringane i framtida kring helse og omsorg?

Vi går i møte ei forventingskrise til dei offentlege helse og omsorgstenestene, kva tenkjer FBU kan være ein farbar veg for å gjere nokre forventningsavklaringar kring dette?

Kva vil være viktig for FBU at kommunane støttar utvalet på i tida framover?

**Møtet mellom FBU og styret i Helse Førde** hadde i november fokus på desse sakene:

- Sak 1 Eksteriør/ interiør ved psykiatrisk klinikk i Førde
- Sak 2 Den økonomiske situasjonen i Helse Førde
- Sak 3 Sjukehottell
- Sak 4 Uniformert vertskap

Som observatør med tale- og forslagsrett har leiar Marita Aarvik eller nestleiar Jan Tore Odd elles gjennom året delteke på styreseminar og styremøter.

**Gjennom året har FBU fått særskild orientering om følgjande;**

- Helseatlas, orientering om psykiske helse og rus i helseatlas og medisinske kvalitetsregister
  - Omvisning i Livabygget
  - Nye Førde sjukehus generelt og taktil merking spesielt
  - Økonomi HFD - årsbudsjett og langtidsbudsjett
  - Orientering om drifta og omvisning ved Lærdal sjukehus
  - Avtaleutvalet
  - Informasjon om ny nasjonal helse- og samhandlingsplan
  - Årleg melding i HFD
  - Pasientreiser
- 

Utvalet er mot slutten av året gjort kjend med at det pågår arbeid med revidering av dei nasjonale retningslinjene for brukarmedverknad. Utvalet har send sine kommentarar til dette arbeidet, og stiller seg elles bak Helse Vest RBU sitt høyringssvar.

Det vart i 2023 arrangert to leiarsamlingar for leiarane og nestleiarane i brukarutvala i Helse Vest.

Leiar var også til stades på Erfaringskonferansen somatikk i juni -23.

### **Deltaking i prosjekt, råd og utval**

Generelt arbeider FBU ut frå målet om at brukarkunnskapen vert nytta som grunnlag for å utforme og gjennomføre helse- og omsorgstenester i Sogn og Fjordane. Det viktigaste verkemiddelet her er utvalsmedlemane si deltaking i ulike prosjekt, råd og utval noko som er omfattande og elles vert synleggjort i oversikta nedanfor.

FBU har i 2023 som tidlegare år utnemnd representantar til om lag 50 ulike prosjekt, råd og utval. Talet varierer litt ettersom nokre prosjekt blir avslutta og nokre nye kjem til i løpet av året. Det vert vurdert at ein gjennom denne deltakinga får best innsyn i helse- og omsorgstenestene i Sogn og Fjordane - og at det er her ein har den beste arena for å få fram brukarperspektivet. Vi har ikkje ei nøyaktig registrering av talet på prosjektmøte som FBU har delteke i, men ei grov – og forsiktig vurdering vil tilseie at medlemer i utvalet har delteke på i overkant av 200 møter, der hovudtyngda har vore gjennomført digitalt.

### **Samhandlingsfora mellom Helse Førde og kommunane:**

- Møteforum i Sogn og Fjordane helsefellesskap – fagleg og strategisk samarbeidsutval
- Skriftleg bidrag til Samhandlingsnytt

### **Nokre av prosjekta som brukarutvalet er med på er følgande:**

#### **Observatør til styret i Helse Førde med tale og forslagsrett**

**Fagleg samarbeidsutval:** Møteplass mellom dei forskjellige kommunane sine helsetilsette og

helse Førde. Der mange tema som vedkjem begge partar vert drøfta.

**Helsefellesskapet partnarskapsmøte:** Vi møter her alle kommunane og Helse Førde til felles samhandling og planlegging for året som kjem. Overordna forum for Strategisk samarbeidsutval og Fagleg samarbeidsutval. 1 møte i året.

**Akuttmedisinsk samhandlingsforum:** Møteplass mellom legevakter i Sogn og Fjordane, prehospital teneste og AMK der ein drøftar saker for å styrke det akuttmedisinske tilbodet og også løfter saker forforbetring av tenestetilbodet.

**Koordinator i spesialisthelsetenesta.** Dette er ei gruppe som er sett saman av personell på sjukehuset i Førde og Koordinatoransvarleg i Helse Bergen, kommunane i Kinn og Bergen, i tillegg til leiar av brukarutvalet i Helse Bergen og Helse Førde. Målet er å finne ut korleis ein skal finne gode forløp for pasientane når dei har fleire samansette diagnosar. Dette for å få betre oversikt og planlegging slik at pasienten ikkje skal måtte reise unødig mange gonger fram og tilbake mellom heim og sjukehus. Prosjektet skulle eigentleg vere ferdig ved utgangen av 2023, men vert forlenga til ut på vårparten -24.

**Artrose planleggingsmøter.** Planlegge kurs for menneske med artrose i kne og hofter for å utrede om ein kan unngå ortopediske inngrep gjennom Læring og mestringsenteret og smerteklinikken.

**Styringsgruppe Nye Førde sjukehus, Pasientens Helseteneste:** Her følger vi utbygging og utbetring av Nye Førde sjukehus tett både bygningsmessig og økonomisk.

**Helse og omsorgsutvalet i Sogn og Fjordane og KS.** Her møter eit utval av 4 personar frå utvalet Helse og omsorgssjefane i Sogn og Fjordane og KS for å drøfte saker som vi er opptekne av og som vi meiner kan gagne brukarane som vi i brukarutvalet representerer. Gode konstruktive debatter. På siste møtet løfta vi inn sak om kva som skal til for at folk skal kunne bo heime lenger.

**Regionalt leiarforum.** Her møtast alle leiarar og nestleiarar for dei forskjellige brukarutvala i Helse Vest 2 gong i året utanom den felles samlinga som alle medlemmane møtast i. Her tek vi opp saker som vi arbeider med i dei forskjellige utvala og så får vi idear, drøftingar og tankar til for saker som vi ønsker å løfte i fellesskap både til Helse Vest og til Nasjonalt brukarforum.

**Alle møter, Helix styringsgruppe og universelt brukargrensesnitt:** Det har vore mykje møteverksemd i samband med innføring av nye datasystem på sjukehuset. Arbeidet har gjeve god innsikt i dei problema og utfordringane som helse Førde har hatt ved implementeringa og som er løyste på ein god måte. Arbeidet i styringsgruppa vil bli overført til regionalt nivå frå 2024, og deltakinga frå FBU fell vekk frå den tid.

**Kvalitetsutvalet:** Av dei viktige oppgåvene som Helse Førde har engasjert seg i, er forbetringskompetanse og forbettingsarbeid. Det vert etablert eit system for opplæring som skal gjennomførast av alle tilsette. Viktige mål som synleggjer nivået i kvalitetsarbeidet er:

- Alle leiarar har gjennomført grunnkurs i forbettings- og kvalitetsarbeid
- Ein prosent av dei tilsette har rettleiarkompetanse
- Ti prosent av dei tilsette i dei kliniske avdelingane har kompetanse til å drive forbettingsarbeid.

**Prosjektgruppe standardisering av førarprøve ved kognitiv svikt:** Dette er eit såkornprosjekt som akkurat er starta opp og har berre hatt eit møte denne hausten. Arbeidet vil truleg strekke seg inn i 2024 og kanskje 2025.

**Kvalitetskonferansen:** I dei førebuande møta til kvalitetskonferansen. Kvalitetsprisen blei fremma til diskusjon, og valet frå møta blei sendt over til administrasjonen til avgjerd

**Medlem i Strategisk Samarbeidsutval:** Møteplass for øvste administrative leiing i Helse Førde og utvalde leiarar frå kommunane i HF sitt nedslagsfelt. Formålet er å sjå på felles utfordringar, og eventuelle løysingar på desse. Legge til rette for samhandling gjennom felles

møtepunkt.

**Styringsgruppe for tematisk forskningssatsing i HF:** Gruppa vurderer og tek avgjersle om tildeling av stipend/økonomi til forsking i Helse Førde. Det kan vere individuelt, eller som deltarar i grupper både internt og på tvers av helseføretaka.

**Fysikalsk medisin, rehabilitering og habilitering:** Utviklingsarbeid der ein planlegg og får på plass ei eiga eining for dette innan Helse Førde. Avdelinga har som mål å få utvikla ei avdeling med totalt 10 sengeplassar, og fullt medisinsk mannskap.

**Kontor- og fellestenester:** Gruppa er kome i gang i løpet av året. Den skal arbeide med reorganisering av kontor- og fellestenestene inn i den nye organisasjonen som kjem på plass i samband med etableringa av Liva-bygget.

**Liva-bygget, utvida prosjektgruppe:** Dette er samarbeids-/styringsgruppe som ser på alle sider ved den fysiske delen av bygging av sjølve Liva-bygget samt tilgrensande uteområde.

**Poliklinikkar og dagbehandling i Nye Førde Sjukehus:** Gruppa arbeider med utforming og fordeling av område som skal nyttast til poliklinikkar og dagbehandling; plassering, skopirom, mottak, ventesoner og kontor.

**Sengepost og hotell:** Gruppa har arbeida med utvikling av pasientromma: utforming, innreiing og tilrettelegging i Liva-bygget. I tillegg har gruppa arbeida med plassering av pasienthotell, bemanning og krav til funksjon hjå brukarane.

**Fysisk og virtuelt møterom lærings- og meistringssenteret:** Avslutta arbeid. Tilrettelegging av møterom for videokonferansar med gode strøymeløysingar.

**Helse/arbeid: nystarta gruppe.** Tillyst første møte 14 desember.

**Møteplassen:** Habilitering og rehabilitering

**Prosjekt Operasjon, oppvakning og anestesi:** knytt til nybygg – LIVA-bygget

**Prosjekt Legemiddelhandtering**

**Styringsgruppe i Prosjekt infrastruktur og kompetansebygging for kliniske studier**

**VR i Palliasjon**

**KEK Klinisk Etisk Komité** Klinisk etisk komité, Tverrfagleg gruppe der ein drøftar, reflekterer og gjev råd i etiske problemstillingar som følgjer av kliniske utfordringar i Helse Førde sin arbeidskvardag. Saker kan vere innmeldt av personale, pasient/pårørande, eller Helseføretaket/kommunane. Ein nyttar senter for medisinsk etikk (OUS)sin drøftingsmodell i alle saker. Berørte partar, så som pårørande og behandlande team, kan delta i møta for å opplyse sak. KEK kan gje råd men ikkje pålegg om handlingsalternativ. Sakene kan ha utgangspunkt innan somatikk og psykiatri, men også kombinasjonsomkrv tverrfagleg samarbeid mellom fleire disiplinar (MDT). Med utgangspunkt i KEK vert det avdelingsvis arbeid i Etiske refleksjonsgrupper (ERG)

**Ernæringsutvalet**

**Klinikkråd og Avdelingsråd innan Rus opsykiatrien**

**Planlegging av fagdagar i Balestrand**

**KVIP-** (kvalitet i psykiatriske barne- og ungdomsinstitusjonar)

**Norse**

**Ei gruppe** som skulle vurdere sommarstenging av DPS i Indre Sogn.

**Hauglandsenteret rehabilitering.** Her er det planlagt 10 nye pasientrom med bad og gjesteseng til hjelparar. Nytt lintøyrom og ny stove. Ny tilrettelagt tursti for rullestolbrukarar. Ny brygge. Lett tilkomst.

Medlemmane i brukarutvalet føler at vår innspel vert tekne med i gruppene på ein særskilt måte.

## Rekneskapen 2023:

I høve til godkjend årsbudsjett på 494.000NOK, syner avslutta rekneskap forbruk stort 486.157 NOK. I informasjon frå utvalet tidlegare i år vart det peika på at gjeldande budsjett kunne vere marginalt i høve reiseutgifter for den nye utvalssamansettinga. Bruk av timehonorar knytta til digital møtedeltaking som fritek reisekostnader, har nok bidrege til mindreforbruket.

Konto	Januar 2023	Februar 2023	Mars 2023	April 2023	Mai 2023	Juni 2023	Juli 2023	August 2023	Septemb	Oktobe	Novemb	Desembe	Totalsum *
Sogn og Fjordane	240500	-556										0	-556
516000	2 170		6 400										8 570
516900													14 460
519000	310		768				225						1 303
539000	18 568	27 720	12 520	26 633	11 315	12 130	34 230	3 450	6 510	29 890	12 775	38 340	234 080
539100								1 573					50 000
540000	3 035	4 174	1 903	4 967	1 615	1 766	5 397	618	918	4 514	2 066	12 888	43 860
540100	44			108			32						184
540900													1 919
560000	2 740												2 740
590000	556												556
672900													7 173
710000	4 389	7 293	3 493	8 162	494	1 411	8 824	3 325	8 420	7 124	10 679		63 611
710100	785	1 885	978	2 194	138	395	2 471	931	2 126	1 878	2 990		16 770
714000	395	2 352	431	332	300	8 966	5 253	182	4 405	1 897	7 015		31 528
715000													100
715100													71
716000	80	175					118				275	687	53
719100													1 388
													6 828
	32 515	43 598	19 326	49 564	13 862	24 785	58 003	8 506	7 428	49 629	26 426	152 515	486 157

## Avslutning

Det er stor aktivitet i felles brukarutvalet i Sogn og Fjordane, og oppsummert har 2023 vore eit godt arbeidsår. Tilliks med fjoråret har arbeidet med Nye Førde sjukehus vore svært omfattande, men det vert opplevd som både spennande og givande å kunne være aktivt med på alle nivå og verkeleg føle at ein får bidra på ein konstruktiv måte. Medlemmene er engasjerte og deltek elles også i mange ulike prosjekt og råd der dei opplever at eigne innspeil medverkar positivt til forbetring av tenestene og til samhandlinga mellom kommunane og helseføretaket.

Samstundes er det ei kjennsgjerning at det på systemnivå kontinuerleg må arbeidast med å halde oppe medvitet om behovet for at brukarar kan delta som aktive samarbeidspartnarar. Brukarutvalet i Sogn og Fjordane vil gjerne vere med å bidra til å sy sterke saumar heller enn saumlause tenester mellom forvaltningsnivåa i området vårt.

## Oversikt brukarrepresentasjon i ulike prosjekt, råd og utval i driftsåret 2023:

Råd, utval og prosjekt	Brukarrepresentant	Vara
Alle møter og Helix-styringsgruppe	Jan Tore Odd	Marita Aarvik
Arb.gr. Utanomhus	Liv S. Krognes	Ruth Berit Garfors
Akuttmedisinsk samhandlingsforum	Marita Aarvik	
Arbeidsutval – Erfaringsråd Psykisk helsevern		
Avdelingsråd psykiatrisk klinikk Førde	Ruth Berit Garfors Cecilie Udberg-Helle	
Avdelingsråd Sogn psykiatrisenter	Jørjan Mossestad Tove Ness	
Digitale helsetjenester PHV	Gunn Sande	Arne Hovland
Erfaringskonferansen	Solfrid Fossberg	
<b>Erfaringskonferanse PHV og rus 2024</b>	Ruth Berit Garfors	
Felles tilvisingsmottak	Tom Andre Faye	
Fysikalisk medisin, rehabilitering og habilitering	Arne Hovland	Linda Blålid

Fysisk og virtuelt møterom lærings- og mestringssenteret	Arne Hovland	Gunn Sande
God start NSH	Synnøve Berg Svarstad	
Helsefellesskapet	Marita Aarvik	Jan Tore Odd
Partnerskapsmøte		
Helsefellesskapet	Jan Tore Odd	
Strategisk samarbeidsutval	Arne Hovland	
Helsefellesskapet	Marita Aarvik	
Fagleg samarbeidsutval	Magne Sellevold	
Fire prioriterte grupper i Helsefellesskapet		
Born og unge		
Fire prioriterte grupper i Helsefellesskapet		
Personar med alvorlege psykiske lidningar og rusproblem		
Fire prioriterte grupper i Helsefellesskapet		
Skrøpelege eldre		
Fire prioriterte grupper i Helsefellesskapet		
Personar med fleire kroniske lidningar		
Helse- og omsorgsutvalet i Sogn og Fjordane - KS	Marita Aarvik	
Helse/Arbeid – Etablering av lokal samarbeidsgruppe	Arne Hovland	Linda Blålid
Helseatlas psykisk helse og rus	Tom Andre Faye	Grethe Fischer
Heimesjukehus barn og unge	Cindy Litlabø	Cecilie Udberg-Helle
Kliniske studiar kreftforsking	Magne Sellevold	Okt 2023
Kliniske studier	Magne Sellevold	Cecilie Udberg-Helle
Klinikkråd PHV - Førde	Ruth Berit Garfors Cesilie Udberg	
Klinisk Etisk Komite	Magne Sellevold	Eirik Dahl
Kontor og fellesstenester	Arne Hovland	
Koordinatorar i spesialisthelsetenesta	Marita Aarvik – Marita må informere HV	Eirik Dahl
Kvinne – barn prosjektet	Cindy Litlabø	Solfrid Fossberg
Kvalitetskonferansen	Jan Tore Odd	Gerd Torkildson
Kvalitetsutvalet	Jan Tore Odd	Gerd Torkildson
Leiarforum for brukarutval i Helse Vest	Marita Aarvik Jan Tore Odd	
Legemiddelhandtering i Helse Førde	Cindy Litlabø	Grethe Fisher
Livabygget prosjektgruppe	Eiliv Berdal	
Livabygget utvida prosjektgruppe	Eiliv Berdal Arne Hovland	
Livabygget utsmykking	Liv Krognes	Ruth Berit Garfors
Matpanelet	Solfrid Fossberg	Øystein Ryningen
Møteplassen	Magne Sellevold	Cindy Litlabø
Nordfjord Psykiatrisenter		
Norse - tilbakemeldingssystem PHV	Ruth Berit Garfors	
Observatør til styret – tale og forslagsrett	Marita Aarvik	Jan Tore Odd

Operasjon og intensiv - arbeidsgruppe	Magne Sellevold Stein Erik Øvrebø	
Operasjon, anestesi, dagkirurgi og overvaking i LIVA-bygget plan 2	Magne Sellevold og Stein Erik Øvrebø	
Poliklinikkar og dagbehandling i Nye Førde Sjukehus	Arne Hovland	Gerd Torkildson
Ressurssjukepleiarnettverk lindrande behandling	Gerd Torkildson	Cindy Litlabø
Samarbeidsmøte Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter og Helse Førde	Øystein Ryningen	Linda Blålid
Samhandlingskonferansen	Marita Årvik	
Samhandlingsbarometeret - faggruppe	Gunn Sande	Øystein Wangen
Sengepost og pasienthotell	Arne Hovland	Linda Blålid
Styringsgruppe Fagnettverk eldremedisin/eldreomsorg	Grete Fischer	Øystein Wangen
Styringsgruppe Pasientens helseteneste	Marita Aarvik	Jan Tore Odd
Styringsgruppe Nye Førde Sjukehus	Marita Aarvik	Jan Tore Odd
Styringsgruppe for tematiske forskingssatsinger i Helse Førde	Cecilie Udberg-Helle	Arne Hovland
USHT (Utviklingssenter for sjukeheim og heimetenester i Sogn og Fj) sitt fag-og samarbeidsråd	Øystein Wangen	Gunn Sande
Universelt pasientgrensesnitt	Jan Tore Odd	
VR i palliasjon- som lindring og meiningsfull aktivitet.	Magne Sellevold	Cindy Litlabø
Forbetringssarbeid		
Vurderingsråd/jury kvalitetspris i HF	Jan Tore Odd	Gerd Torkildson
Vidareutvikling av spesialisthelsetilbodet i Nordfjord	Eiliv Berdal	Marita Aarvik
Pårørende til demensråka	Michael Milde	
Pasient og pårørende kurs til beinamputerte	Cecilie Udberg-Helle	
Brukarrepresentant artrosekurs	Marita Aarvik	
Arbeid med prosedyre for pårørende PHV	Ruth Berit Garfors	
FACT-team PHV i Sunnfjord	Cecilie Udberg-Helle	Ruth Berit Garfors
Arbeidsgruppe sommarstenging DPS	Ruth Berit Garfors	
Kompetansestrategi, PH	Lene Hetle	
Såkornprosjekt - Standard førarkortvurdering ved kognitiv svikt	Jan Tore Odd	

Felles brukarutvalet I Sogn og Fjordane takkar med dette våre samarbeidspartnarar for eit godt og innhaldsrikt arbeidsår for Helse Førde og kommunane i Sogn og Fjordane.

Førde 18.01.24

Marita Aarvik

-leiar-